

## MØTEBOK - TITTELBLAD - KOMMUNESTYRET

Møtestad: <b>TINGSALEN</b>	Møtedato: <b>19. JUNI 2008</b>	Frå kl.: <b>1200</b>	Til kl.:
Møteleiar:	<b>Ordførar Olav Lunden</b>		
Møteinnkalling: (kunngjering):	<b>Sendt medlemmer og varamedlemmer 12.06.08 Kunngjort i Sogn Avis 18.06.08 og på kommunen si heimeside.</b>		
Representantar som er borte:	<b>Astri Taklo</b>		
Vararepresentantar som er til stades:	<b>Susan Husabø</b>		
Til stades:	<b>I alt: 17</b>	<b>Av desse 1 vararepresentantar</b>	
	<b>Merknader:</b>		
Andre framømøtte:	<b>Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine Økonomirådgjevar Ingunn Broch Hauge</b>		
Saker som vart handsama:	<b>Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 30/08-42/08</b>		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	<b>Olav Lunden (sign.) Susan Husabø (sign.) Jan Sigurd Haugen (sign.)</b>		

# MØTEPROTOKOLL

## Kommunestyret

---

Møtestad: **LEIKANGER FJORDHOTELL**

Møtedato: **19.06.2008** Tid: **1200**

---

### SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr. Tittel</b>
30/08	08/427 <b>Orienteringssaker</b>
31/08	08/295 <b>Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009</b>
32/08	08/251 <b>Søknad om fritak for eigedomsskatt - Gnr.14 bnr.1</b>
33/08	08/275 <b>Søknad om fritak for eigedomsskatt frå Leikanger MC-klubb.</b>
34/08	08/14 <b>Godgjersle til folkevalde - revisjon av reglement</b>
35/08	07/561 <b>Reguleringsplan for bustadfeltet Austaberg - godkjenning</b>
36/08	07/566 <b>Kommuneplan 2008 - 2016. Godkjenning av planprogrammet</b>
37/08	08/35 <b>Felles barnevernkontor - Luster, Sogndal og Leikanger</b>
38/08	08/378 <b>Evaluering av Kulturskulen i Sogn</b>
39/08	08/420 <b>Endring av vedtektene for barnehagane i Leikanger</b>
40/08	08/356 <b>Endra opningstider i skulefritidsordninga og fastsetjing av nye betalingsattsar.</b>

41/08 08/344  
**Privat barnehagedrift**

42/08 07/35  
**Evaluering av tilsyns – og revisjinsordninga**

30/08

## Orienteringssaker

### TEMA:

- Tenesteområdet helse (legekontor, fysioterapi og helsestasjon/jordmor) v/tenesteleiar
- Sogn og Fjordane Revisjon IKS – orientering om selskapet v/dagl leiar.
- Fleirbrukshallen – status for byggeprosjektet v/A Henjum
- Mattilsynet – tilsynsrapport Leikanger vassverk av 29.04.08 (vedl)
- Fylkesmannen – rapport av 07.05.08 frå forvaltningskontroll landbruk, søknader om produksjonstilskot (vedl)
- Kontrollutvalet – Årsmelding 2007 (vedl)
- Barne- og Likestillingsdepartementet av 21.05.08 – svar på kommunestyret sitt innspel frå møte 8.mai 2008 vedk. uadressert reklame (vedl)
- Opplæring av brannmannskap ”deltidsreforma” – status for gjennomføring v/OAR
- Møteplan 2.halvår
- Orientering frå rådmann omkring tilsetjingstilhøva for tilsett i kommunen (lukka møte)

31/08

## Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009

### HANDSAMING:

Representanten Jan Sigurd Haugen (SV) sette fram fylgjande framlegg om nytt punkt i tilrådinga:

Leikanger kommune vedtek å senka fritaksgrensa for eigedomsskatt på bygningar til 3 år, gjeldande frå 01.01.09.

Representanten Steinar Fredheim (H) sette fram fylgjande framlegg vedkomande investeringar i økonomiplanperioden:

<b>Ansvar Prosjekt/tiltak</b>	<b>Totalt</b>	<b>2 009</b>	<b>2 010</b>	<b>2 011</b>	<b>2 012</b>
1) 3314 GPS oppmålingsutstyr	200 000	200 000			
Vassverket - skifte av					
2) 3411 membranar	3 500 000	3 500 000			
3) 3412 Vassleidning - Holevegen	150 000	150 000			
4) 3412 Vassleidning - sentrum	200 000	200 000			
5) 3422 Avløpsleidning - Holevegen	150 000	150 000			
6) 3422 Avløpsleidning - sentrum	200 000	200 000			
Kjøp av tomteareal nye					
3514 bustadområde	?				

7) 3524	Symjebasseng - tilstandsanalyse	300 000	300 000			
8) 3524	Symjebasseng - rehabilitering	0				
9) 3524	Ungdomsskolen - rehabilitering fløy A	7 000 000			7 000 000	
10) 3525	Barneskulen - garderobe og dusjanlegg	3 000 000	3 000 000			
11) 3525	Barneskulen - nye undervisningsrom	0				
12) 3525	Barneskulen - parkeringplass	1 500 000				1 500 000
13) 3530	Henjahaugane b.hage - tilbygg	0				
14) 3533	Tomt - ny barnehage	0				
15) 3614	Gangveg langs Holevegen	1 500 000	1 500 000			
16) 3615	Ny veg - sentrum	500 000	500 000			
17) 3615	Vegar - fast dekke årleg investering	1 200 000	300 000	300 000	300 000	300 000
18) 3615	Vegar - vedlikehald murar	600 000	150 000	150 000	150 000	150 000
19) 3711	Sentrums plass - Hermansverk	4 000 000	3 500 000	500 000		
20) 3721	Grunnkjøp - friareal Njøsaelvi	175 000	175 000			
21) 3722	Ny kunstgrasbane	500 000	500 000			
22) 3812	Ny brannstasjon	3 500 000		3 500 000		
23) 3812	Ny brannbil	500 000			500 000	
24)	Rehabilitering Nybø	3 000 000		3 000.000		
	<b>Samla</b>	<b>31 675 000</b>	<b>14 325 000</b>	<b>7 450 000</b>	<b>7 950 000</b>	<b>1 950 000</b>

Repr. Birthe Fossheim (AP) gjorde framlegg om at summen som er avsett til tilstandsanalyse av symjebassenget (punkt 7), vert redusert til kr. 100.000,-

#### **Avrøysting:**

Det vart først røysta over framlegget frå SV vedkomande endring av eigedomsskatten.

#### **Framlegget vart vedteke med 9 mot 8 røyster**

Det vart så røysta punktvis over framlegga frå Høgre og Arbeiderpartiet sett opp mot formannskapet si tilråding.

**Punkt 1 – 6 Vedteke samrøystes**

**Punkt 7 Framlegget frå formannskapet vedteke med 10 mot 7 røyster**

**Punkt 8 Framlegget frå Høgre vedteke med 9 mot 8 røyster**

**Punkt 9 og 10 Vedteke samrøystes**

**Punkt 11 Framlegget frå formannskapet vedteke med 11 mot 6 røyster**

**Punkt 12 Vedteke samrøystes**

**Punkt 13 Framlegget frå formannskapet vedteke med 9 mot 8 røyster**

**Punkt 14 Framlegget frå formannskapet vedteke med 10 mot 7 røyster**

**Punkt 15 – 18 Vedteke samrøystes**

**Punkt 19 Framlegget frå Høgre vedteke med 9 mot 8 røyster**

**Punkt 20 Vedteke samrøystes**

- Punkt 21 Framlegget frå Høgre vedteke med 15 mot 2 røyster**  
**Punkt 22 og 23 Vedteke samrøystes**  
**Punkt 24 Framlegget frå Høgre fall med 10 mot 7 røster**

Etter dette vert investeringsprogrammet for perioden 2009 –2012 slik:

<b>Ansvar Prosjekt/tiltak</b>	<b>Totalt</b>	<b>2 009</b>	<b>2 010</b>	<b>2 011</b>	<b>2 012</b>
1) 3314 GPS oppmålingsutstyr Vassverket - skifte av	200 000	200 000			
2) 3411 membranar	3 500 000	3 500 000			
3) 3412 Vassleidning - Holevegen	150 000	150 000			
4) 3412 Vassleidning – sentrum	200 000	200 000			
5) 3422 Avløpsleidning - Holevegen	150 000	150 000			
6) 3422 Avløpsleidning - sentrum	200 000	200 000			
Kjøp av tomteareal nye 3514 bustadområde	?				
Symjebasseng – 7) 3524 tilstandsanalyse	300 000	300 000			
Symjebasseng – 8) 3524 rehabilitering	0				
Ungdomsskulen - 9) 3524 rehabilitering fløy A	7 000 000			7 000 000	
Barneskulen - garderobe og 10) 3525 dusjanlegg	3 000 000	3 000 000			
Barneskulen - nye 11) 3525 undervisningsrom	4 500 000		4 500 000		
12) 3525 Barneskulen - parkeringplass	1 500 000				1 500 000
Henjahaugane b.hage - 13) 3530 tilbygg	300 000		300 000		
14) 3533 Tomt - ny barnehage	1 000 000			1 000 000	
15) 3614 Gangveg langs Holevegen	1 500 000	1 500 000			
16) 3615 Ny veg - sentrum	500 000	500 000			
Vegar - fast dekke årleg 17) 3615 investering	1 200 000	300 000	300 000	300 000	300 000
18) 3615 Vegar - vedlikehald murar	600 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Sentrums plass - 19) 3711 Hermansverk	4.000 000	3 500 000	500.000		
Grunnkjøp - friareal 20) 3721 Njøsaelvi	175 000	175 000			
21) 3722 Ny kunstgrasbane	500 000	500 000			
22) 3812 Ny brannstasjon	3 500 000		3 500 000		
23) 3812 Ny brannbil	500 000			500 000	
24) Rehabilitering Nybø	0				
<b>Samla</b>	<b>34 475 000</b>	<b>14 325 000</b>	<b>9 250 000</b>	<b>8 950 000</b>	<b>1 950 000</b>

**VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:**

**Grunnlaget for økonomiplan 2009-2012 viser ein stor auke i driftskostnadene med ei samla underdekning for heile perioden på 31,3 mill kr. Med dette som utgangspunkt, meiner rådmann at rammene må reduserast vesentleg, og tilrår fylgjande reduksjonar:**

	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
Sentrale folkevalde organ og revisjon	200	200	200	200
Pleie og omsorg	1000	1000	1000	1000
Undervisning	1200	1200	1200	1200
Ungdomsklubben	300	300	300	300
Bibliotek (husleige)			300	300
Veg	50	50	50	50
Brannvern	100	100	100	100
Miljø, areal og næring	50	50	50	50
Kyrkja	100	100	100	100
<b>Sum reduserte kostnader</b>	<b>3000</b>	<b>3000</b>	<b>3300</b>	<b>3300</b>

Inntektene vert tilrådd auka slik:

Auke i fondsinntekter	1000	1000	1000	1000
Eigedomsskatt		1000	1000	1000
<b>Sum auka inntekter</b>	<b>1000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>

Samla verknad av reduserte rammer og auka inntekter:

<b>Samla verknad, pr år</b>	<b>4000</b>	<b>5000</b>	<b>5300</b>	<b>5300</b>
-----------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Samla verknad, totalt for heile perioden: kr.19.600.000,-.

Med desse endringane vert nytt resultat sjåande slik ut:

	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
Opprinnlege rammer	-8 130	-7 687	-7 623	-7 851
Reduksjonar	4 000	5 000	5 300	5 300
<b>Endra resultat</b>	<b>-4 130</b>	<b>-2 687</b>	<b>-2 323</b>	<b>-2 551</b>

Samla meirforbruk i perioden som må salderast med bruk av disposisjonsfond, vert då kr.11.691.000,-.

Leikanger kommune vedtek å senka fritaksgrensa for eigedomsskatt på bygningar til 3 år, gjeldande frå 01.01.09.

Investeringsprogram for perioden 2009 –2012:

Ansvar Prosjekt/tiltak	Totalt	2 009	2 010	2 011	2 012
1) 3314 GPS oppmålingsutstyr	200 000	200 000			
Vassverket - skifte av					
2) 3411 membranar	3 500 000	3 500 000			
3) 3412 Vassleidning - Holevegen	150 000	150 000			

4) 3412 Vassleidning – sentrum Avløpsleidning -	200 000	200 000			
5) 3422 Holevegen	150 000	150 000			
6) 3422 Avløpsleidning - sentrum Kjøp av tomteareal nye 3514 bustadområde	200 000	200 000			
	?				
7) 3524 tilstandsanalyse Symjebasseng –	300 000	300 000			
8) 3524 rehabilitering Ungdomsskulen -	0				
9) 3524 rehabilitering fløy A Barneskulen - garderobe	7 000 000			7 000 000	
10) 3525 og dusjanlegg Barneskulen - nye	3 000 000	3 000 000			
11) 3525 undervisningsrom Barneskulen -	4 500 000		4 500 000		
12) 3525 parkeringplass Henjahaugane b.hage -	1 500 000				1 500 000
13) 3530 tilbygg	300 000		300 000		
14) 3533 Tomt - ny barnehage	1 000 000			1 000 000	
15) 3614 Gangveg langs Holevegen	1 500 000	1 500 000			
16) 3615 Ny veg - sentrum Vegar - fast dekke årleg	500 000	500 000			
17) 3615 investering	1 200 000	300 000	300 000	300 000	300 000
18) 3615 Vegar - vedlikehald murar Sentrums plass -	600 000	150 000	150 000	150 000	150 000
19) 3711 Hermansverk Grunnkjøp - friareal	4.000 000	3 500 000	500.000		
20) 3721 Njøsaelvi	175 000	175 000			
21) 3722 Ny kunstgrasbane	500 000	500 000			
22) 3812 Ny brannstasjon	3 500 000		3 500 000		
23) 3812 Ny brannbil	500 000			500 000	
24) Rehabilitering Nybø Samla	0				
	34 475 000	14 325 000	9 250 000	8 950 000	1 950 000

32/08

## Søknad om fritak for eigedomsskatt - Gnr.14 bnr.1

VEDTAKET lyder slik, samr.:

**Opplysningsvesenets fond får ikkje fritak for eigedomsskatt på gnr. 14 bnr. 1 i Leikanger.**

33/08

**Søknad om fritak for eigedomsskatt frå Leikanger MC-klubb.**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**Leikanger kommune innvilgar Leikanger MC-klubb fritak for eigedomsskatt på gnr. 24 bnr. 155.**

**Fritaket gjeld ikkje om bygningen på nytt vert teken i bruk til forretningsdrift. Ved andre bruksendringar vert eventuelt fritak av eigedomsskatt å vurdere på nytt.**

34/08

**Godgjersle til folkevalde - revisjon av reglement**

**HANDSAMING:**

Representanten Arild Fossøy (Ap) gjorde framlegg om utsetjing av saka.

**VEDTAKET lyder etter dette slik, med 10 mot 7 røyster:**

**Saka vert utsett til neste møte.**

35/08

**Reguleringsplan for bustadfeltet Austaberg - godkjenning**

**VEDTAKET lyder slik, samr:**

**Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplan av 29.04.08 for bustadfeltet Austaberg med desse endringane:**

- 1. Byggegrensene mot fylkesvegen skal vera som fastsett av Statens vegvesen i brev av 11.06.08. Kravet frå vegvesenet om at utbyggjar sikrar mot at barn kan komma ut på fylkesvegen ved å setja opp gjerde skal takast inn i reguleringsføresegnene.**
- 2. Godkjenninga omfattar ikkje det nordvestre hjørne av planområdet (over kote 117), vist på kart av 17.06.08. Planen vil verta teken opp att til ny handsaming for dette området når utbyggjar har komme til semje med kulturminnestyresmaktene om det påviste automatisk freda fornminnet.**

36/08

## **Kommuneplan 2008 - 2016. Godkjenning av planprogrammet**

### **HANDSAMING:**

Representanten Arne Monrad Johnsen gjorde framlegg om fylgjande tillegg til formannskapet si tilråding:

Nedbygging av dyrka mark – bevaring av matjord.

Bygging på god matjord vil medføre at Leikanger kommune sitt samla potensiale for landbruksproduksjon blir redusert – dersom dette ikkje kan kompenseras. Planprogrammet må fastsette at det skal greiast ut på kva måte det er mogleg å oppretthalde produksjonspotensialet / kompensere for dei nedbygde areala.

### **Avrøysting**

Det vart røysta over å ta inn framlegget frå representanten Arne Monrad Johnsen som tillegg til formannskapet si tilråding.

**Framlegget fall med 9 mot 8 røyster.**

**VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:**

**Leikanger kommunestyre godkjenner planprogrammet av 06.03.08 med dette tillegget:**

**Sentrumsutforming vert eit eige tema i kommuneplanen.**

37/08

## **Felles barnevernkontor - Luster, Sogndal og Leikanger**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

- 1. Lekanger kommune godkjenner samarbeidsavtale om interkommunal barnevernteneste slik**
- 2. det går fram av vedlegg 1.  
Rådmannen får fullmakt til å delegere ansvaret for dei oppgåvene kommunen har etter Lov om barnevern til rådmannen i Sogndal.**

38/08

## **Evaluering av Kulturskulen i Sogn**

### **HANDSAMING:**

Representanten Dina Lefdal (Venstre) sette fram fylgjande nytt kulepunkt 3 i formannskapet si tilråding:

- 1 Spørsmålet om oppseiing av distriktsmusikarordninga vert utsett.
- 2 Det skal gjerast ei evaluering av distriktsmusikarordninga knytt til kulturskulen.
- 3 Det skal gjerast personalmessige tiltak for å betra tilhøva. Det skal rapporterast til dei respektive formannskapa på dette punktet.

### **Avrøysting**

Formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot endringsframlegget frå Venstre.

**VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:**

**Leikanger kommunestyre vedtek:**

- Det er ei målsetting å auka elevtalet opp til 30% av elevane i grunnskulealder. Nye disiplinær som visuelle kunstfag, skapande skriving og drama vert satsingsområder. Kulturskulen bør samarbeide tettare med skulane, og utgreia om ein kan få undervisninga inn i skuletida.
- Kommunestyre er innstilt på å fastsetja ei elevbetalinga på kr 3.200,- pr. år/kr. 1.600,- pr halvår frå 01.01.09 og med søskenmoderasjon på 25% frå og med andre søsken/plass frå same tidspunkt.
- 1) Spørsmålet om oppseiing av distriktsmusikarordninga vert utsett.. 2) Det skal gjerast ei evaluering av distriktsmusikarordninga knytt til kulturskulen. 3) Det skal gjerast personalmessige tiltak for å betra tilhøva. Det skal rapporterast til dei respektive formannskapa på dette punktet.
- Namnet på kulturskulen vert framleis Kulturskulen i Sogn.
- Rådmannen i vertskommunen, i samråd med rådmennene i deltakarkommunane, vurderer oppfølginga av dei andre tilrådingane i evalueringsrapporten

39/08

## **Endring av vedtektene for barnehagane i Leikanger**

### **HANDSAMING:**

Representanten Jan Sigurd Haugen (SV) gjorde framlegg om å stryka siste setninga i formannskapet si tilråding.

**VEDTAKET** lyder etter dette slik, samr.:

**Kommunestyret vedtek:**

**Tillegg til vedtektene § 9 om foreldrebetaling :**

**Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel dersom skuldig beløp ikkje er betalt innan 3 veker etter 2. purring, eller at det er inngått avtale med kommunen v/økonomiavdelinga om nedbetalingsplan.**

40/08

## **Endra opningstider i skulefritidsordninga og fastsetjing av nye betalingsssatsar.**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**Som følge av nye opningstider i skulefritidsordninga frå hausten 2008, vedtek kommunestyret fylgjande nye betalingssatsar frå skulestart til 31.12.08.**

<b>Alternativ</b>	<b>Innhald</b>	<b>Pris</b>
<b>A</b>	<b>5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar</b>	<b>Kr. 1.250,-</b>
<b>B</b>	<b>5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie</b>	<b>Kr. 1.450,-</b>
<b>C</b>	<b>Berre onsdagar</b>	<b>Kr. 600,-</b>
<b>D</b>	<b>Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.</b>	<b>Kr. 828,-</b>

**For alternativ A, B og C gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ D gjeld betalinga per veke**

**Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane. Pris per dag kr. 180,-**

**Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn.**

41/08

## **Privat barnehagedrift**

### **HANDSAMING:**

Representanten Edith Valeberg Eggum (SP) sa seg ugild i saka. Kommunestyret godkjende dette, og kommunestyret vart sett med 16 representantar.

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**Kommunestyret meiner dei framlagte planane for etablering av ein privat barnehage samsvarar godt med kommunen sitt behov for barnehageplassar framover og vedtek at rådmannen arbeider vidare med prospektet om etablering av privat barnehage frå 01.12.2008.**

Kommunestyret vart igjen sett med 17 representantar.

42/08

## **Evaluering av tilsyns- og revisjonsordninga**

**VEDTAKET** lyder slik, samr.:

**Leikanger kommune vedtek representantskapet sitt framlegg av 27.05.08 til ny selskapsavtale for Sogn og Fjordane Revisjon IKS.**